

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 Leikanger



Att: Anne Silje Sylvarnes.

Aurland 3. mai 2019.

## Klage på vedtak.

Syner til vår søknad dagsett 14. januar d.å. om midlar over tilskotsordninga til nærings- og samfunnsutvikling til delfinansiering av prosjektet *"Stien som ferdselsåre gjennom natur – og kulturarven – fase II"* samt Fylkesdirektøren for næring og kultur sitt vedtak dagsett 8. april d.å. som konkluderte med fylgjande:

*"Nærøyfjorden Verdsarvpark får avslag på søknaden."*

Melding om vedtak vart motteke via ALTINN onsdag 10. april. Aksept for utsett frist for oversending av klage vart motteke pr. e - post tysdag 30. april.

Nærøyfjorden Verdsarvpark klagar med dette over nemnde vedtak med grunnlag i fylgjande:

Søknaden er handsama i høve til ei anna tilskotsordning enn omsøkt. Dette trass i at ein liknande søknad frå oss i 2018 til same prosjektområde men andre tiltak vart handsama positivt etter tilskotsordninga til nærings- og samfunnsutvikling – jfr. sak.nr. 18/314-3. Fylkesdirektøren er i si saksframstilling rett nok positiv til søknaden men grunna avgrensa midlar i infrastrukturordninga vart konklusjonen likevel avslag.

Verdsarvparken er vel vitande om at det er hard konkurranse om infrastrukturmidlane og med dette som grunnlag samt Hovudutval for næring og kultur sitt vedtak i sak 18/28 var det eit medvite val ikkje å søkje om infrastrukturmidlar 2019.

Aurlandsdalen er, for å nytte ein omtale av ei anna dramatisk dalføre i fylket, fager og fårleg. Det siste er no seinast blitt særst tydeleg gjennom fleire akutte hendingar i dalen -sjå vedlagt oppslag i Sogn Avis 30.04.19. Dalen sin verdi for lokal og regional brei verdiskaping er mykje omtalt og kjent. Sagt det er det og utan tvil ein krevjande dal å skjøtte. Det vert rett nok lagt ned ein formidabel innsats frå mange aktørar og friviljuge. Gjennom delprosjektet *«Nye Aurlandsdalen»* i regi av Verdsarvparken vert det arbeid målretta for endå betre samordning og effekt av innsatsen og ressursane i Aurlandsdalen. Røynslene etter snart 3-år er gode; noko som m.a vert meldt frå Venner av Aurlandsdalen.

Trass stor friviljug innsats krev arbeidet med å ivareta og utvikle dalen store økonomiske ressursar. Desse midlane må hentast inn frå ein stad; dette i seg sjølv er ein utfordrande og krevjande jobb. Korvidt dette nærast berre skal vere eit off. ansvar




har vore og blir jamnleg drøfta i ulike samanhengar. Etablering av ulike fond for «brukarbetaling», bidrag frå næringsverksemdar og oppretting av eit fond for fellesgodefinansiering er til vurdering og utgreiing. Det siste er no rigga som eit eige prosjekt i regi av Visit Sognefjord og Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Fram til desse alternativa er operative vil vi framleis vere avhengig av off. midlar frå fleire kjelder for å kunne føre ord og planar til handling.

Miljødirektoratet har gjeve tilsegn om sin del av finansieringsplanen. Dersom Fylkesdirektøren held fast på sitt avslag om midlar til ei satsing som i same andedrag vert halde fram som viktig og føremålstenleg vil dette kunne få særskild dramatiske fylgjer for vidareføring av samarbeidet kring ivaretakinga og utviklinga av Aurlandsdalen. Frå Verdsarvparken sin ståstad er det difor eit sterk oppmoding om at Sogn og Fjordane fylkeskommune finn ei løysing på dette, uavhengig av tilskotsordning.

Det som er nemnt over tilseier at det er grunnlag for å imøtekome vår søknad om midlar til delfinansiering av prosjektet «*Stien som ferdselsåre gjennom natur- og kulturarven; fase 2*» og vi ventar difor at vedtaket av 8. april vert endra i samsvar med dette.

Med venleg helsing



Erling Oppheim  
Dagleg leiar

**Kopi:**

- Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord AS.
- Snædis L. Bjarnadottir, NVP.
- Bengt Erlend Skjerdal, NVP.

**Vedlegg:**

- Kopi av oppslag Sogn Avis 30.04.19.